

Referat frå styremøte nr. 8, 2014

Dato: 14.11.2014

Tid: kl. 10.00 – 13.00

Stad: Ålesund Kunnskapspark, møterom Ørnetua

Til stades:

Frå styret:

Styreleiar Anders Riise, Hareid kommune
Nestleiar Geir Ove Vegsund, Sula kommune
Styremedlem Jarle Bjørn Hanken, Ålesund kommune
Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune
Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune

Frå administrasjonen:

Jan Kåre Aurdal, dagleg leiar
Anne Mette Liavaag, rådgivar
Nils Magne Abelseth, prosjektleiar
Vegard Sperre Austnes, rådgivar

Forfall:

Styremedlem Arild Iversen, Volda kommune
Styremedlem Eva Kristin Fjørtoft, Sandøy kommune
Varamedlem Bjørn Inge Ruset, Norddal kommune
Varamedlem Geir Inge Lien, Vestnes kommune
Varamedlem Jan Berset, Ulstein kommune

Referent:

Vegard Sperre Austnes

Referatdato: 04.12.2014

Sak 50/2014: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Anders Riise

Styreleiar ønska velkomen til møtet. Det var ingen merknadar til innkallinga. Som sak til eventuelt var oppnemning av nye medlemmar til Overordna samhandlingsutval (sak 57/2014).

Sak 51/2014: Godkjenning av referatet frå forrige styremøte (nr. 7-2014) 17. oktober 2014

Ved styreleiar Anders Riise

Referatet frå forrige styremøte vart godkjent utan merknadar.

Sak 52/2014: Orientering om arbeidet med reforhandling av samarbeidavtalen mellom Helse Møre og Romsdal og kommunane i fylket. Ved Olav Aarø, kommuneadvokat i Ålesund kommune

Olav Aarø er ein av ein av to representantar for medlemskommunane i Sunnmøre regionråd i forhandlingsutvalet med Helse Møre og Romsdal (HMR). Den andre representanten er Arne Gotteberg, kommuneoverlege i Ørsta kommune og Volda kommune.

Aarø si rolle er saman med Gotteberg å fremje kommunane sine interesser i forhandlingane med HMR. Økonomiske konsekvensar av avtalane er eit poeng.

Aarø orienterte om den foreståande prosessen med reforhandling av samarbeidsavtalen mellom HMR og kommunane i fylket. Det er lagt opp til 4 forhandlingsmøter, to i desember 2014, eitt i januar 2015 og eitt i februar 2015. Reforhandla samarbeidsavtale skal handsamast i kommunane i mai/juni 2015.

I møtet drøfta ein innspela til forhandlingane som har kome frå Helse Møre og Romsdal, Romsdal Regionråd og frå kommunane i Sunnmøre Regionråd sjølve.

Oppsummert vil tema i forhandlingane mellom anna vere inkorporering av avtalen på rusfeltet i samarbeidsavtalen, forbetring av vedlegget til samarbeidsavtalen om roller og forventningar i katastrofesituasjonar, endringar i samhandlingsstrukturen (forslag om fire lokale utval – eitt knytt til kvart av sjukehusa), avvikshandtering og forbetringsarbeid og rutiner knytt til innlegging og utskriving av pasientar.

Sak 53/2014: Orientering om arbeidet med kommunereforma. Ved prosjektleiar for kommunereforma i Sunnmøre regionråd rådgivar Anne Mette Liavaag

Prosjektleiar orienterte om at det 27. november 2014 kl. 16.00 er invitert til eit drøftingsmøte i Ålesund der ein frå kommunane kan dele kunnskap om korleis ein arbeider i høve til kommunereforma.

28. november 2014 er det representantskapsmøte. På dette møtet skal BDO leggje fram utfordringsnotatet dei har utarbeidd på oppdrag frå regionrådet. Det kom forslag frå styret om å samle dei kontaktpersonane i kommunane som skal skrive saka om prosessvedtak til eit møte 27. november.

I styret vart det drøfta om ein kan ha eit felles punkt i prosessvedtaka i kommunane om at kommuneadministrasjonane får koordinere ein felles plan for framdrifta i arbeidet med kommunereforma.

Nokre kommunar er allereie i dialog med kvarandre om felles framdriftsplan, medan andre kommunar ikkje har gjort slike avtalar.

Styret konkluderte med at felles framdriftsplan kan vere kontroversielt, men at i høve til oppdraget som representantskapet har gitt styret så ber ein administrasjonen lage eit forslag til ein enkel framdriftsplan til representantskapsmøtet 28. november.

Prosjektlear orienterte om at det er gjort avtale om kjøp av 40 studieplassar frå Høgskolen i Lillehammer. Studiet skal fokusere på samspelet mellom offentleg, privat og frivillig sektor. Det vert oppstart hausten 2015.

12. desember 2014 er det dialogmøte om kommunereforma med fokus på kva oppgåver kommunane skal ha i framtida.

Prosjektlear orienterte om at det er søkt Fylkesmannen om prosjektmidlar til arbeid med kommunereforma i 2015.

Målgruppa for studiet er i utgangspunktet politisk og administrativ leiing i kommunane. På styremøtet kom det forslag om å invitere politisk leiing i kommunane til delta på oppstartmøtet for studiet, også dei som ikkje skal følgje studiet vidare.

Sak 54/2014: Presentasjon av rekneskapan for periode 1-10 2014 for Sunnmøre regionråd

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte om rekneskapan for perioden 1-10 2014. Totalrekneskapan for selskapet viser eit driftsoverskot på vel kr. 1,29 millionar i perioden.

På prosjektnivå er det i perioden driftsunderskot i prosjekta 1130 Energiøkonomisering og 1170 Samfunnsutvikling, men begge prosjekta vil kunne inntektsføre meir midlar for 2014.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande. Styret vil framover ha rekneskapsrapport kvart tertial med kommentarark på ca. ei side.

Sak 55/2014: Framlegg til budsjett 2015 for Sunnmøre regionråd. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte om administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2015. I budsjettet er det lagt inn forventningar om stor grad av ekstern finansiering av aktivitetar. Ikkje minst gjeld dette prosjekt 1170 Samfunnsutvikling, som inneheld satsinga Innovasjonsskulen og vidare arbeid med kommunereforma.

I handsaminga i styret vart det kommentert at kommunane får mykje igjen for kontingentmidlane fordi det er lagt opp til stor grad av ekstern finansiering, men at det samstundes vert viktig å ha fokus på å justere drifta etter inntektene og likviditetssituasjonen når budsjettet totalt sett vert nær dobla frå 2014 til 2015.

Vedtak: Styret vedtek administrasjonen sitt framlegg til budsjett og innstiller på det overfor representantskapet.

Sak 56/2014: Presentasjon av skule- og barnehageutviklingsprosjektet i Sunnmøre regionråd.

Ved prosjektleiar Nils Magne Abelseth

Prosjektleiar viste til at oppgåva mellom anna er å arrangere samlingar for barnehage- og skuleeigarar på Nordre Sunnmøre. Satsingsområda er leing, kompetanse, utdanning og skule - næringsliv.

Prosjektet ønskjer å utvikle samarbeid med skule- og barnehagenettverka innan Sjustjerna-samarbeidet på Søre Sunnmøre.

Sak 57/2014: Oppnemning av nye medlemmar frå kommunane til Overordna samhandlingsutval

Ved rådgivar Vegard Sperre Austnes

Kommunane i fylket har fått henvending frå KS Møre og Romsdal der dei ber om forslag til nye medlemmar i Overordna samhandlingsutval for ein periode på to år.

Frå sunnmørskommunane er det i dag Anders Riise (vara Thorbjørn Fylling) og Liv Stette (vara Wenche Solheim) som sit i Overordna samhandlingsutval.

Administrasjonen i regionrådet spurte både dei faste medlemmane og varamedlemmane om dei ønskja å halde fram. Alle sa ja til det utanom Liv Stette, som takka nei av omsyn til at ho nyleg vart nytt styremedlem i Helse Midt-Norge RHF. Administrasjonen i regionrådet fremja forslag om Ragnhild Velsvik Berge som erstatter for Liv Stette i Overordna samhandlingsutval.

Vedtak: Styret innstiller overfor KS Møre og Romsdal på at Anders Riise (med vara Thorbjørn Fylling) og Ragnhild Velsvik Berge (med vara Wenche Solheim) vert oppnemnt som medlemmar i Overordna samhandlingsutval i neste toårsperiode.

Avslutningsvis i møtet takka styreleiar av Jarle Bjørn Hanken som styremedlem med blomster og velvalde ord. Etter selskapsavtalen § 7 skal representantskapet velje eit nytt styremedlem etter Hanken. Styret avtalte at ein til neste styremøte kallar inn eit varamedlem til styret, men at Ålesund kommune samstundes får tilbod om å stille med ein observatør på møtet.